



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Lene Stavseng, 55 57 21 22

Vår dato
08.11.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2016/16375 350
Dykkar referanse

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Tilbakemelding på lukking av avvik - Tilsyn med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Meland kommune 2017

Fylkesmannen viser til tidlegare korrespondanse der kommunen har gitt tilbakemelding på lukking av avvika etter tilsynet med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Meland kommune, jf. tilsynsrapport av 24.01.2017.

Vi er kjent med at Meland kommune er i prosess med å slå seg saman med Radøy og Lindås til nye Alver kommune. Vi har forståing for at det kan vere føremålstenleg å følge opp lukking av avvik i samanheng med samanslåingsprosessen. Som tidlegare avtalt er det for Fylkesmannen i orden at det arbeidast med lukking av avvik 1, heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid, parallelt med kommunesamanslåinga. Frist for lukking av avvik 1 vart i sluttmøtet elles satt til 01.01.2018.

Fylkesmannen ønsker å følgje med i arbeidet og ber difor kommunen sende oss ein oppdatert statusrapport på arbeidet med lukking av det uteståande avviket seinast innan 15.01.2019.

Med helsing

Arve Meidell
fylkesberedskapssjef

Lene Stavseng
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.